



## Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane



## Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Vassregion Sogn og Fjordane  
v/ Merete Farstad  
Plan- og Samfunnsavdelinga  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Leikanger, 16. mars 2014

### INNSPEL TIL FØRESLÅTTE TILTAK FOR BETRE VASSMILJØ

Som vedlegg følger ei samanstilling av innspel til føreslåtte tiltak for betre vassmiljø frå frivillige organisasjonar i Sogn og Fjordane. Samanstillinga er laga på oppdrag frå vannkoordinator Åsa Renman i Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO), Samarbeidsrådet for Naturvern saker (SRN) og Samarbeidsrådet for Biologisk Mangfold (SABIMA) via Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Sogn og Fjordane, i samarbeid med FNF ved Elisabeth Dahle. Innspela er primært laga ut i frå eit mål om å betre den økologiske og kjemiske tilstanden i vassførekomstane.

Samanstillinga av innspel ber preg av at det er kome innspel frå enkelte område, mens andre stadar har det vore vanskeleg å få tak i innspel. Men det er viktig å merke seg dei generelle merknadane for dei enkelte vassområda eller for heile regionen. Dei tek opp problem som gjeld mange stader.

Relativt kort frist for å gå gjennom eit omfattande materiale gjer at det er vanskeleg å få med så mykje som ønskjeleg i samanninga. Tiltaksanalysane / -tabellane ber og preg av at dei er under arbeid, slik at ein berre har førebels utgåver å jobbe ut i frå. Men det er og skilnader mellom vassområda, ikkje alle har kome like langt i arbeidet.

Mykje av grunnen til at ein ikkje er kome så langt ligg vel i dei avgrensa ressursane vassområda og regionen har. I innspel til Statsbudsjettet 2015 (sendt 3. mars 2014) peiker organisasjonane på at det er stor trong for å auke midlane til vassforvaltninga. Dette er organisasjonane stort sett einige om sjølv om dei elles har ulike ønske og målsetjingar. Det vil ikkje vere mogleg å oppfylle krava i vassdirektivet utan ei kraftig auke i finansieringa opp til nivået energi- og miljøkomiteen la opp til i 2008. I tillegg er det akkumulert eit stort etterslep. Forvaltninga av vassressursane grip inn i så mange samfunnsområde at finansieringa må opp på riktig nivå. Det samfunnet har å vinna på at vassdirektivet blir følgt opp, blir borte om ikkje dei naudsynte ressursane kjem på plass.

Innspel som måtte kome inn etter at samanninga er laga, vil bli samla opp for at argument og forslag kan bli brukt i høringsrunda.

Med venleg helsing

Ove Eliassen

(s)

Kopi: Vannkoordinator Åsa Renman, SABIMA og Elisabeth Dahle, FNF Sogn og Fjordane